



DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

Møteprotokoll

Møte i Ål kyrkjelege fellesråd

Stad: Kyrkjestugu

Dato: 31.08.2022

Tidspunkt: 19.30 - 21.10

Til stades:

Torfinn Slåtto

Liv Margit Sørbøen

Einar Brattegard

Solveig Vestenfor

Sveinung Hansen

Else Karin Holte Veslegard

Birger Bolstad

Wenche Smestad

Varamedlem for:

Arild Øystese Hansen

Frå administrasjonen møtte:

Kyrkjeverje Trond B. Augunset

Torfinn Slåtto

Leiar

Saksliste:

Sak **17/22**

Årsbudsjett 2023 og rullerande handlingsplan 2023 – 2026

Saksopplysningar:

I følgje forskrift om økonomiforvaltning i sokn i den norske kyrkje § 6 skal fellesrådet vedta ein økonomiplan. Denne skal være rullerande. Det vil sei at hovudrammene i prinsippet allereie er vedtatt. Det er viktig at ein arbeider med minst eit fire-års perspektiv for investeringar.

§ 6.Økonomiplan

- (1) *Organ for soknet på kommunenivå skal én gang i året vedta en rullerende økonomiplan.*
- (2) *Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettårene.*
- (3) *Økonomiplanen skal omfatte hele virksomheten og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.*

Kyrkjeverja har starta prosessen med budsjettarbeidet. Det blir i saka peika på saker som vil komme til handsaming i løpet av hausten. Denne saka er derfor den første og innleiande handsaminga i fellesrådet.

Lønn og andre godtgjersler:

Ein må gjere rekning med at lønnsoppgjeret i kyrkja vil være i same storleik som i kommunane, det vil sei ca. 3,8%. Inflasjonen i Noreg har frå juli 2021 til nå i 2022 vore 6,8 %. Ein må, ut i frå tanken om at arbeidstakarane ikkje skal tape kjøpekraft, gjere rekning med at lønnsoppgjeret for 2023 vil bli i same storleik for i 2022.

Kyrkjeverja ser at det er vanskeleg å rekruttere nye medarbeidarar. Lønnsnivået i kyrkja er lågare enn i kommunane. Det er naudsynt å få tilpassa lønnsnivået for å kunne konkurrere når ein skal rekruttere og for å behalde tilsette.

Nokre av kyrkjetenarane nyttar eigen bil i jobben og det er naudsynt for å kunne utføre jobben. Dei får ingen godtgjering for dette utan om vanleg kilometergodtgjersle. Der det er naudsynt for å utføre jobben bør/må dette godtgjerast med ein fast sum for bruk av eigen bil.

Vedlikehald:

Kyrkjeverja ser at det vil være fornuftig å ta ei skikkeleg service på maskinar før sesongen byrjar. I 2022 hadde me eit havari på ein motor på ein grasklyppar. Dette kunne med nok vore unngått om ein hadde hatt ein profesjonell service på maskinen. Ein slik service vil nok og auke levetida til maskinane. Det kommer tilbod i løpet av hausten.

Det må skiftast ut alle lyspærene i Torpo kyrkje til LED-pærer. Samla kostnad vil ligge på ca. 20 000 kroner.

FDV bygg:

Kyrkjeverja vil saman med kyrkjetenarane i løpet av hausten gjere ein systematisk gjennomgang av kyrkjene og nytte sjekklister i "kirkebyggdatabasen" for å få til ein einsarta kunnskap om kva som må gjerast. Dette bør gi grunnlag for prioriteringar av vedlikehald.

Kontroll av brannvarslingsanlegga frå Siemens syner at anlegga er gamle og må skiftast ut. Kyrkja har fått tilskott for 2022 og –23 frå kommunen som skal nyttast til namna minnelund og fleirkulturell gravplass. Kyrkjeverja meiner at utskifting av brannvarslingsanlegga må prioriterast.

Investeringar/større vedlikehald:

Fellesrådet får kvart år overført kr. 450 000 frå Ål kommune som skal fellesrådet skal nytte til investeringar og større vedlikehald. Dette vil sei at me må spare for å kunne ta større lyft. Kyrkjeverja meiner det derfor er naudsynt å vurdere og prioritere investeringar og større vedlikehald over ein lengre periode enn 4 år. I budsjettet for 2022 – 2025 er det satt opp ei prioritert liste. Kyrkjeverja meiner det er naudsynt å fordele denne på kva som skal gjerast i kva for eit år. Dette spesielt med tanke på at me får ein fast sum overført kvart år.

Det bør leggast til rette for at spiserommet og kan nyttast til møterom. Dette vil gjere det lettare å avvikle mindre møter. Det bør derfor settast av kr. 10 000 til skjerm med utstyr.

Servicekostnadar IKT:

Fellesrådet får ein del kostandar som er knytta til drift av IKT-system. Kyrkjeverja meiner det er naudsynt å ta i bruk eit eige sakshandsamingssystem. Dette er naudsynt for å tilfredsstille krava i arkivlova om å kunne spore dokument. Ein bør sjekke fleire system med tanke på pris og funksjonalitet før ein veljer system. Kyrkjeverja vil fremje ein eigen sak på dette i løpet av hausten.

Generell auke:

Lønns- og prisveksten har vore stor i 2022 og dette vil truleg fortsette i 2023. Etter avtale med økonomisjefen i kommunen kan det leggjast inn ei ein generell auke i budsjettet med 5%. Tal frå SSB som vart publisert 10.08.22 syner ein prisvekst på 6,8%. Kyrkjeverja meiner at ut frå prisstiginga det siste året må ein kunne legge til grunn ei generell auke på 7%

Framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan innstilling

Handsaming

Fellesrådet drøfta saken.

Vedtak

Fellesrådet drøfta saka og er samd i dei vurderingane som er gjort i saka. Kyrkjeverja og arbeidsutvalet jobbar vidare med saka.

SAK 18/22

Namna minnelund og fleirkulturell gravplass:

Saksopplysningar:

Ål kyrkjelege fellesråd sendte ut invitasjon til å komme med tilbod til etablering av namna minnelund og fleirkulturell gravplass 8. juli. Fristen for å komme med tilbod var satt til mandag 15. august kl 12.00. Det kom ingen tilbod inn innan fristen. Ein av dei som vart invitert meldte frå om at dei ikkje hadde moglegheit til å gjere arbeidet hausten 2022,

Fellesrådet kan etter at det er invitert til å komme med tilbod velje å spørje ein om dei kan ta på seg arbeidet.

Det i invitasjonen bedt om eit samla tilbod på både namna minnelund og fleirkulturell gravplass.

Fellesrådet kan vurdere om ein skal dele desse i to prosjekt, slik at ein kan gjennomføre namna minnelund først og så fleirkulturell gravplass på eit seinare tidspunkt.

Økonomi:

Det er og mogleg å vurdere utforminga på minnelunden. Det vart i 2020 gjort eit grovt overslag på kostnadane ca. 290 000. Det er uvisst kor mykje prisane har stige sidan då. Kyrkjeverja meiner det ikkje er mogleg å utføre forskaling med eigne tilsette. Dette vil derfor komme i tillegg til desse kostnadane.

Det er påløpte kostander i prosjektet på ca 80 000 pr 16. august. Det er ikkje mottatt faktura frå Asplan Viak for arbeid gjort i juli.

Vurdering:

Fellesrådet må gjere ei vurdering på kva ein skal gjere med prosjektet.

Kyrkjeverja meiner at ein kan vurdere følgande alternativ:

1. Ein rettar ein forespørsel til ein av tilbydarane om å utførelse av prosjektet til våren 2023
2. Prosjektet delast i 2 separate prosjekt, namna minnelund og fleirkulturell gravplass og det blir gitt moglegheit til å gi tilbod på desse prosjekta separat.
3. Ein kan gjere ei ny vurdering av utforminga av portalen for å sjå på moglegheiten for å kutte kostnadar.

Framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Handsaming:

Kyrkjeverja orienterte om saken.

Fellesrådet drøfta saken.

Vedtak:

Fellesrådet lyser ut prosjekta på nytt rundt jul. Det gis moglegheit for å dele prosjektet, med opsjon på fleirkulturell gravplass om det ikkje prosjekta let seg gjennomføre innan budsjettetramma.

SAK 19/22 Høring digitalisering av gravferdsmeldinga og andre endringar i gravplasslova og gravplassforskriften:

Saksopplysningar:

Som ledd i oppfølginga av digitaliseringssstrategien er det er sett i gang arbeid med å utvikle samanhengande og heilskaplege offentlege tenester innanfor sju utvalde livshendingar. Innbyggjarar, næringsdrivande og frivillig sektor skal oppleve samanheng i tenestetilbodet uavhengig av kva sektor eller kva forvaltningsnivå som står bak. Dødsfall og arv er ei av desse sju livshendingane. Digital gravferdsmelding er eitt av to prosjekt knytte til livshendinga dødsfall og arv. Det andre er oppgjer etter dødsfall, som blant anna skal hjelpe innbyggjarane ved arveoppgjer. Ein digitaliseringssprosess som denne utløyser og avdekkjer behov for regelendringar. Del 1 av høyringsnotatet (punkt 2 til 8) har samanheng med digital gravferdsmelding, medan del 2 (punkt 9 til 12) inneheld andre regelendringar.

Digital gravferdsmelding vil gjere det enklare å gjere val knytte til gravferda, både for seg sjølv og som ansvarleg for gravferda til ein avlidne. Brukaren skal vere i sentrum. Det skal vere lett å skilje mellom dei ulike rollene etterlatne kan ha: å vere ansvarleg for gravferda, å vere ansvarleg for grava og å vere arving. Tenesta skal opplevast som heilskapleg, og innbyggjaren skal sleppe å legge inn data som alt ligg i andre offentlege system (berre éin gong-prinsippet). Personopplysningar vil bli skjerma. All tekst i digital gravferdsmelding skal ha eit enkelt og klart språk. Tenesta skal vere livssynsuavhengig og møte brukarane med respekt og i verdige former. Etterlatne vil lett sjå kvar i prosessen dei er: kva dei kan vente med, kva dei må gjere no, og kva som er blitt gjort så langt. Digital gravferdsmelding skal gi gode «hugselappar» i ein sorgprosess. Digitalisering skal ikkje erstatte den menneskelege kontakten i møte med døden. Prosjektet vil ta omsyn til at ikkje alle ønskjer eller kan ta i bruk digitale løysingar, og departementet tek derfor sikte på å oppdatere det papirbaserte kravskjemaet òg. Lovendringane omtalt i del ein av høyringsnotatet gjer digital gravferdsmelding mogleg, og kjem i tillegg til dei gjeldande reglane. Digital gravferdsmelding er tenkt å fungere slik at den som startar tenesta, først kjem til ei open nettløysing, som er ei interaktiv rettleatings- og avklaringsteneste. Her vil ein finne informasjon tilpassa situasjonen til dei etterlatne, blant anna om vala som må gjerast, og om frist for gravlegging. Etter at ein har logga seg inn på Altinn og gitt opplysning om namn og fødselsdato til den avlidne, vil relasjonen mellom den avlidne og den innlogga komme fram.

Mange av opplysningane som det i dag blir spurt etter i kravskjemaet («begjæringsskjemaet»), vil no vere førehandsutfylte frå Folkeregisteret. Etter at gravferdsansvaret er avklart, vil den som sørger for gravferda, kunne gjere dei nødvendige vala for sjølve gravferda. Etter at kravskjemaet er sendt inn, vil den vidare kontakten mellom dei etterlatne og gravplasstyresmakta der gravferda skal skje, gå føre seg utanom første versjon av digital gravferdsmelding. Dialogen med seremonileverandøren (f.eks. eit trus- og livssynssamfunn) vil ikkje vere del av den første versjonen. Første versjon vil primært vere ein brukarvennleg og forenkla digital versjon av dagens kravskjema. Det er eit mål at regelverksendringane som blir føreslårte, ikkje er til hinder for kontinuerleg forbetring og vidareutvikling av samanhengande tenester med ei brukarsentrert tilnærming. Dette inneber at regelverket blir utforma slik at det sikrar dei kjende brukarbehova, men også gir rom for at nye brukarbehov kan realiserast utan hinder av regelverket.

Vurdering:

Kyrkjeverja meiner at det ikkje er naudsynt å gi svar på denne høyringa. Det er viktig at Fellesrådet har fokus på digitaliseringa og at me nyttar dei reiskapa som finnes for å få mest mogleg effekt at av desse.

Framlegg til vedtak:

Ål kyrkjelege fellesråd gir ikkje uttale til høyringa «digitalisering av gravferdsmeldinga og andre endringar i gravplasslova og gravplassforskriften».

Handsaming:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Ål kyrkjelege fellesråd gir ikkje uttale til høyringa «digitalisering av gravferdsmeldinga og andre endringar i gravplasslova og gravplassforskriften».

Orienteringssaker:

Drifta i løpet av sumaren.

Trusopplærar: Trusopplæringsutvalet prioriterer oppgåver som skal gjerast når me ikkje har tilsatt trusopplærar.

Lydanlegg i Ål kyrkje: Kyrkjeverja tek kontakt med lydteknikkar for å få betre lyd.

ENØK. Det vert fremma ein eigen sak om ENØK i kyrkja.

Referatsaker:

Protokoll AU-møte:

Postliste